

KLASSISK

SJR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

SIGNIFIKANT PÅ TURNÉ

Plata *Significant Time* kjem frå eit band som i desse dagar turnerer vestpå. Det er trompetist Hayden Powell (biletet) og saksofonist Andre Roligheten som spelar med kvartetten, der Stine Irene Stangborli er vokalist, Øyvind Gjelsten Dale pianist, Fredrik Luhr Dietrichson bassist og Raymond Storaunet Lavik spelar på trommer. I kveld spelar dei i Lærdal, laurdag i Bergen og Kabuso, Øystese søndag.

R.H

Foto: Anja Basma



Radiohead anno 2016.

ssenet

sporet «True Love Waits», som skriv seg i alle fall to tiår tilbake (og er med på konsertalbumet *I Might Be Wrong* frå 2001). Det markante innslaget av til dels mange år gamle komposisjonar har fått enkelte til å spekulere i at dette kan vere Radioheads siste album.

PÅ SITT BESTE

I så fall går dei ut med glans. A *Moon Shaped Pool* er Radiohead på sitt beste. Bandet tillèt seg å reindyrke dei sterkaste kvalitetane i det distinkte uttrykket som er deira eige. Midtempoet dominerer, med melodisk, vakkert balladeri, utan at det vert bleikt og tamt – det ligg som vanleg store, mørke djupner i Yorkes låtunivers. Både gitarar og særleg piano får større plass enn på lenge, men det tydelegaste musikalske innslaget er, som fleire andre har vore inne på i omtalar av plata, den gjennomgåande og svært vellukka bruken av strykarar. Greenwood har arbeidd tett med London Contemporary Orchestra i ei årekke, og fleire av musika-

rane derfrå dukkar også opp på *A Moon Shaped Pool*. For under-skrivne, som set den ugløymelige, atonale orkestreringa på ein song som «How To Disappear Completely» høgt (*Kid A*, 2000), er dette godt nytt. Nye «Daydreaming» høyrer til mellom det finaste eg har høyrte frå Radiohead.

Då eg lytta til *A Moon Shaped Pool* kom eg til å tenkje på den einaste konserten eg har vore på med dette bandet, då dei varma opp for R.E.M. i Spektrum ein augustkveld i 1995, det året *The Bends* kom ut. For mange overgjekk oppvarmingsbandet hovudbandet (som då turnerte med *Monster*). Alt då hadde dei «True Love Waits» på repertoaret (om ikkje den kvelden). Det er ikkje mange band som kunne ha slutta av sitt niande album med ein tjuv år gammal song og kome godt frå det. Det kan Radiohead.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Mykjeseiande orkesterforspel

Webers ti Ouverturnar er som ein indeks over hans operale æuvre.

CD



CARL MARIA VON WEBER:

Complete Ouvertures

WDR SINFONIEORCHESTER; DIR.: HOWARD GRIFFITHS. CPO 2016

Carl Maria von Weber var ein overgangsfigur mellom klassisismen og romantikken, ein komponist som i løpet av det korte livet sitt rakk å utvikla seg frå å vera ein middels Mozart-imitator til å bli førebilete for den tyske operagiganten på 1800-talet, Richard Wagner.

Den engelske dirigenten Howard Griffiths er spesialist på tidlegromantisk musikk som dette, så for han er Weber midt i blinken. Dirigeringa hans av det vesttyske kringkastingsorkestret WDR vitnar om dugande handverk, utan å vera oppsiktsvekkjande på nokon måte. Men ikkje alle orkesterleiarar treng vel å vera geniale personlegdomar – Griffiths' styrke er at han lét Weber talast sjølv gjennom musikken, for

dirigenten kjem aldri i vegen for komponisten. Resultatet lét forfriskande lett og uprestensøst.

HARDT ARBEID

Og musikken er interessant: Dei her innspela Ouverturnane (ti orkesterforspel til operaer og teaterstykker) er som ein indeks over den førtiårige stilistiske utviklinga til Weber, som ikkje var noko vedunderbarn, men måtte arbeida hardt for å nå dit han ville. Og han nådde langt. Til dømes er Ouverturnen til *Turandot* (etter eit skodespel av Schiller) eit djupt originalt verk. Dette må vera den fyrste vellukka europeiske freistnaden på å ikkje symfonisk musikk kinesisk koloritt – dette var i 1809, altså hundre år før Puccinis *Madama Butterfly*, som går føre seg i Nagasaki.

FORSMAKAR

Ouverturnane er uvanleg temarike, noko som har ein logisk grunn: Weber hadde for vane å laga Ouverturen heilt til slutt i skapingsprosessen av operaen, etter at alt anna var ferdig. Slik kunne han plukka musikalske tema frå ariar og kor og baka dei inn i det instrumentale for-



Sein bløming: Den tyske romantikaren Carl Maria von Weber (1786–1826) var ikkje noko vedunderbarn.

spellet. Dette skaper ein slags «alt dette skal de få oppleve dei neste timane»-effekt. Ikkje minst av denne grunnen er CD-en så interessant: Han gjev oss ein instrumental kvintessens av Webers musikkdramatiske livsverk.

SJR HAGA BRINGELAND

Meisterverk frå Bergen

CD

KETIL HVOSLEF:
Chamber Works No. II

YMSE MUSIKARAR. LAWO 2015

Andre CD-en i det spanande prosjektet med å spela inn alle kammermusikkverka til Ketil Hvoslef opnar med *DuoDu*, ein duett for fiolin og bratsj der den energiske pulsen går som ein stempelmotor gjennom heile stykket. Verket er typisk «hvoslefsk» på to måtar: Jamvel om tonespråket er moderne og dissonerende, er melodiane naturleg vakre og velforma. Og måten det er skrivne på, gjev inntrykk av at komponisten kjenner kapasitetane til dei ulike instrumenta ut og inn. For det lét aldri unødvendig knotete notert, og musikarane får høve til å la klangen strøyma uhindra og komfortabelt frå instrumenta.


Ludium for 7 Flutes and Octet for Flutes er spesielt vakre – særleg i det fyrste stykket gjev tette og djupe fløyteakkordar meg assosiasjonar til klangblokkene i opninga av Mendelssohns *Midtsommarnatt-ouvertur*. Det nær tjuv minuttar lange *Quartetto Percussivo* for to klaver og to slagverkarar er òg fengjande. Her syner Hvoslef oss at klaveret i grunnen òg er eit slagverksinstrument, for det er jo små hamrar inni som produse-

rer tonen ved å slå på klaverstrengene.

Det krevst ein meister for å skriva eit stykke der lyden av slagverk og klaver smeltar så godt saman. Her har Hvoslef verkeleg fått til eit meisterverk som kan høyrast på nytt og på nytt, og kvar gong legg ein merke til nye spennande detaljar.

SJR HAGA BRINGELAND

Sailing A Sinking Sea



Den bergenske komponisten Ketil Hvoslef (fødd 1939). Foto: MIC